



# Gulen kyrkjelydsblad

---

Nr 2

Juli 2020

63. årgang

---



**No soli bakom blåe fjell sitt ljose andlet gøymer,  
og mørkret over heimen fell, og jordi ligg og drøymer.  
Gud, lat di åsyn lysa ned, så heilag fred inn i vårt hjarta strøymer!**

**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
tlf. 57782090/97044591

[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
tlf. 48228353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal,**

**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**  
Kontingenten er fri.

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE**  
og **MJØMNA SOKN:**

**Per Børge Hillestad.** tlf. 93442919.  
[per.hillestad@gulen.kyrkja.no](mailto:per.hillestad@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.  
[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093

Kontor: torsdag kl.12.40-16.00 og  
fredag kl.08.00-12.00.

[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-**  
**LESRÅD:**

**Leiari: Åse Haugen.** Tlf. 48250014.

[haugena@online.no](mailto:haugena@online.no)

**Nestleiar: Kåre Sigurd Krakhella**

Tlf. 90075286

[kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.**

## Redaksjonen

Med kveldshimmelen sett frå Breidvik (framsida) ønskjer redaksjonen lesarane ein god sommar. Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem i september/oktober.

**Leveringsfrist: 10. september.**



## Ferieavvikling ved kyrkjekontoret

I juli vert kyrkjekontoret berre delvis bemanna.

Kyrkjevevja har ferie i veke 27 og 28 (29.06,-12.07.) og i veke 30 og 31 (20.07- 02.08.)

Når det gjeld dødsfall og gravferder, er **Bjørn Magne Hansen** vikar frå 13.07. og fram til 16.08. Han kan nåast på tlf. **476 69 620**.

## Delvis normal drift i kyrkjelydane etter 7. mai

Koronapandemien stengde ned heile Noreg frå 12. mars til 7. mai.

I dette tidsrommet var det ikkje gudstenester i kyrkjene våre, men det var mange tilbod på nett.

Dåp vart gjennomført med svært få til stades, og gravferder med inntil 25 personar.

Det seier seg sjølv at dette har vore krevjande, spesielt med tanke på dei pårørande som skulle ta farvel med sine kjære, og berre fekk ha næraste familie til stades. Men alle har respektert dette.

Det har vore god dialog med smittevernlegen i kommunen, og kyrkja har retta seg etter og følgd opp dei lokale vedtaka som har vore gjeldande.

Det har vore litt ulike antalsavgrensingar i kommunane. I Gulen har det vore likt med Masfjorden.

### **Når kyrkjene no har fått opne opp for vanlege gudstenester, så er det likevel ingen normal situasjon.**

Vi startar opp litt forsiktig, så det er ikkje gudsteneste kvar søndag før etter sommarferien.

Det er framleis antalsavgrensing, og det er sett opp smittevernreglar ut frå kyrkja sin godkjende bransjestandard. Siste oppdaterte bransjestandard er datert 16.06.

Vi er pålagde å ha oversikt over dei som deltek i gudstenester og kyrkjelege handlingar, og vil difor føre lister med namn og telefonnummer som vert oppbevarte i 10 dagar og deretter makulerte. Listene vert bere brukte i høve smittesporing.

Smittevernet ved gudstenester og kyrkjelege handlingar bygger på fem hovudprinsipp:

- \* Sjuke personar skal ikkje delta eller vere til stades
- \* Gode rutinar for handhygiene og reinhald

- \* God avstand og minst mogleg kontakt mellom personar
- \* Minst mogleg felles bruk og berøring av inventar og utstyr
- \* Tilstrekkeleg bemanning til stades

Frå 15. juni er det kome nye nasjonale føringar, og hovudpunkta er no:

- \* Maksimalt 200 personar til stades (kan kome endringar nasjonalt eller lokalt i høve smittesituasjonen)
- \* Minimum 1 meter mellom kvar person (gjeld ikkje personar i same husstand)
- \* Seremonirommet sin storleik overstyrer tillatt tal personar på 200
- \* Opnar opp for kyrkjekaffi
- \* Opnar opp for bruk av salmebøker

Det er verdt å merke seg at når det gjeld tal personar, så er det tillatt med inntil 200 i kyrkjene dersom ein kan halde ein meters avstand.

Kyrkjene er av ulik storleik, og må vurderast opp mot avstandskravet. Annankvar benk vil framleis vere avstengd.

Ved vanlege gudstenester vil ikkje dette vere noko problem, men ved gravferder, konfirmasjonsgudstenester og andre større samlingar må ein vurdere kvar kyrkje for seg.

Som følgje av krav til hyppig tilsyn og reinhald, vert det ikkje opa kyrkje i Gulen i sommar.

Toaletta ved kyrkjene vert også stengde, og vert opna berre ved arrangement i kyrkjene.

*Ingunn Sognnes, kyrkjeverje i Gulen*



## To krukker

Kjære deg!

I dag vil jeg gjengi en fortelling jeg hørte på Nrk-andakten en morgen jeg satt på kontoret.

Jeg ber om at den må få løfte deg opp, slik den løftet opp min dag.

En vannbærer i India hadde to store krukker. De hang på hver sin side av en stang som han bar over skuldrene sine. En av krukkene hadde en sprekke i seg.

Mens den andre var perfekt og alltid var full av vann når de kom tilbake til arbeidsgiverens hus etter en lang tur hjem fra elven, så var den første bare halvfull.

Dette pågikk daglig i to år.

Bæreren leverte en og en halv krukke med vann til sin herre.

Selvsagt var krukken uten feil stolt av det den leverte, den var akkurat slik det var ment. Full pott!

Krukken som ikke var perfekt, skammet seg over sin ufullkommenhet og var lei seg for at den bare leverte halvparten av det den var ment for.

Etter to år som for den virket å være mislykket, snakket den en gang til bæreren ved elven:

«Jeg skammer meg over meg selv, og vil gjerne unnskyldte meg.»

«Hvorfor?», spurte bæreren, «Hva skammer du deg over?»

«De siste to årene har jeg bare klart å levere halvparten av lasten fordi sprekken i siden gjør at vannet lekker ut hele veien tilbake til huset. På grunn av mine feil og mangler må du gjøre alt dette arbeidet uten å få full verdi av det.»

Vannbæreren syntes synd på den gamle sprukne krukken, og sa med medfølelse: «På vei tilbake til huset vil jeg at du skal legge merke til alle de vakre blomstene langs stien.»

Og ettersom de gikk opp skråningen, la den gamle krukken merke til de vakre blomstene ved siden av stien, og hvordan solen varmet.

Men på slutten følte den seg fortsatt dårlig fordi halvparten av lasten var lekket ut. Så den begynte igjen å unnskyldte seg.

Da sa bæreren til krukken:

«La du merke til at blomstene var bare på din side av stien? Det er fordi jeg alltid har visst om din svakhet, og jeg utnyttet den. Jeg plantet blomsterfrø på din side av stien, og hver dag når vi går tilbake fra elven, så har du vannet dem. I to år har jeg kunnet plukke disse vakre blomstene til å pynte opp min Herres bord. Hvis ikke du hadde vært akkurat slik du er, så ville han ikke hatt denne skjønnheten til å pryde hjemme sitt.»

Vi er alle som sprukne potter.  
I denne verden går ingenting til spille.  
Mange av oss tenker som den sprukne  
krukken, at vi er ubrukelige eller util-  
strekkelige på områder i livene våre.  
Men manglene blir til velsignelse når  
Gud bruker oss.

Kanskje blir Gud til og med mer  
synlig på den måten.  
Gud kan bruke alle.

Vi er skapt med forskjellige talenter  
og gaver. Selv det vi ser på som feil  
og mangler, kan med Guds hjelp bli  
meningsfylt.

*Kjære Jesus, om det er slik at våre liv  
er fulle av aktiviteter og gjøremål  
dagen lang, så la oss likevel få merke  
det når du er i nærheten.*

*La oss få bli stille slik at vi kan høre  
hva du har å si om hvem du er og  
hvilke planer du har for våre liv.*

*Amen*

*Beste hilsen Per Børge*

## Noen tanker i etterkant av nettgudstjenesten 1. pinsedag:



Kjære dere!

Mange av oss synes det er vanskelig å  
forholde seg til mennesker vi opplever

som overdrevent gavmilde. Vi blir lett  
brydd hvis vi får en altfor dyr gave,  
om noen vil gjøre oss for mange  
tjenester, eller om noen gir oss ufor-  
tjent mye ros og skryt.

Hvorfor opplever vi at det kan bli for  
mye av det gode? Kan det være fordi  
vi hele tiden føler at vi må gjengjelde  
gavmildhet? Gi en enda større gave,  
hjelp til med et enda større prosjekt,  
eller gi dobbelt opp med ros?

Og i jaget etter hele tiden å toppe eller  
betale tilbake godhet kan relasjoner  
fort ende opp med å bli slitsomme.

Er det mulig for oss å ta imot godhet  
uten å betale tilbake?

Enkelte ting kan nemlig ikke betales  
tilbake. De er for dyrekjøpte. Går vi i  
butikken og kjøper en gave, er prisen  
ofte satt på forhånd.

Men hvordan betaler man for venn-  
skap? En god og trygg oppvekst? Fred  
og frihet? Eller kjærlighet?

Hvordan betaler man for sitt eget liv?  
Man kan kanskje prøve, men vil man  
noensinne kunne gi tilbake verdien av  
det man har fått?

Etter bare få uker i Gulen har jeg mye  
jeg må få lov til å takke dere for.

Ikke minst for at jeg fikk feire pinsen  
sammen med dere. Riktignok digitalt,  
men likevel. For meg som er kommet  
til et nytt sted, har arbeidet med den  
digitale pinsegudstjenesten vist meg  
flere verdier som ligger her i Gulen.

Her er det en iver etter å få til noe i  
felleskap, og jeg kjenner at det vil jeg  
være med på. Under arbeidet med  
gudstjenesten fikk jeg bli kjent med  
noen spennende mennesker.



Nora Svaberg og Dorthea Norman Bø ledet ikke bare gudstjenesten på en forbilledlig måte, men de bidro med godt humør og positivitet underveis i innspillingen.

Selv når de ble spurt om å gjøre de samme opptakene på nytt og på nytt over flere dager, så stilte de med et smil.

Det gjør noe med en prest å få arbeide sammen med sånne ungdommer.

Takk!



Maia Wesenlund Hjørnevåg og Hans Høie bidro ikke bare med en nydelig velsignelse og klokkerbønn.

De viste meg rundt i kommunen, og fortalte om livet i Gulen.

Under selve innspillingen gav de meg en opplevelse for livet, når de stilte seg opp i naturen ved Mjømna, og på ærlig vis sang nydelig og vakkert.

Takk!



Det er en velsignelse for Gulen at vi har en egen kyrkjesonggruppe under ledelse av Anne Tveit. En ting er hvordan hun og gruppen gjennom nydelig sang tar oss over i en annen verden. Noe annet er den gode stemningen jeg fikk oppleve innad i gruppen innimellom opptakene. Mye latter og godt humør gjorde at jeg ikke kunne dy meg fra å spørre: ”Kan ikke dere være med på hver eneste gudstjeneste fremover?” Jeg gleder meg til svaret, og håper det blir ja 😊



Å få lov å oppleve Ingrid Hellwege Haveland er et privilegium. Under innspillingen delte hun av sitt rike kunnskapsforråd om historiske Gulen. Og hun gjorde det på en slik måte at hun skapte en lyst i meg til å lære mer. Takk, Ingrid. Du løfter opp folkene du møter, og skaper en interesse for omgivelsene, kulturen og historiske røtter. Jeg gleder meg til å lære mer.

Takk!

Legg merke til gleden Hall Midthun og Aage Sandal viser når de på stødig og trygt vis formidler fra Gulatinget og historien som kristendommen i Gulen og Norge er tuftet på.



De har begge brukt av sin tid til å ønske meg velkommen, og de gir en helt egen dybde til gudstjenesten. Både Hall og Aage får folk med seg, og jeg gleder meg til å gjøre ting sammen med dere fremover. Takk!



Møtet med Ingelin Flåen Olsen har satt spor hos meg. Før jeg begynte som prest her, googlet jeg «Gulen» og «sang». En sang med Ingelin dukket opp, og den rørte meg på dypet. Jeg håpet derfor at Ingelin ville være med på denne gudstjenesten. Og ikke bare svarte hun ja, hun delte av sin raushet på en sånn måte at man blir glad av å være i nærheten av henne. Når hun i tillegg synger så utrolig nydelig vakkert, må

jeg bare si: ”Jeg håper vi vil få høre mye mer av Ingelin i fremtiden!”

Jeg må også få takke Odin Villanger Henriksbø! Om en våkner på feil side av sengen en morgen, kan et møte med Odin gjøre at humøret tar en helomvending til det positive.

Gang på gang tok vi de samme opp-takene om igjen.

Og Odin tok det hele med et sånt smil at jeg tenkte at han vil jeg lære mer av!

Takk, Odin!

I Brekke fikk jeg treffe Erna Kjelby og Bjarne Tveit på bedehuset.

De skapte den gode stemningen med god mat og prat. Det var en opplevelse. Da innspillingen begynte og Bjarne leste, var det som om tid og rom stod stille.

Du levendegjorde ordene, Bjarne! Takk!

Katrine Waage fra Fedje stilte villig opp, selv for en gudstjeneste på et sted hun ikke kjenner så godt til.

Og hun taler fra hjertet, det merker man. Jeg vil alltid ha noe å lære fra Katrine. Takk!

Noe jeg merker jeg gleder meg til videre, er å få jobbe sammen med Peter T. Jobbagy. Han løfter nærmest taket av kirken med himmelsk spill. Og han gjør det med et så godt humør at det skaper entusiasme for oss rundt. Jeg gleder meg til fortsettelsen, Peter! Takk!

På kontoret merker jeg den gode teamspiriten. Ingunn Sognnes, Mar-

grethe Skåden og Astrid Øie Tveit har underveis i arbeidet hele veien heiet på - og støttet når en har møtt utfordringer. Dere er gode som gull! Takk!

Vi har mye å glede oss over i Gulen. Jeg har nå kun nevnt et knippe av involverte i gudstjenesten.

Jeg kunne nærmest skrevet ”et helt kapittel” om «Gulen Lyd», som løftet det musikalske underveis i innspillingen. Takk!

På vegne av kyrkja i Gulen og meg selv: Vi er svært takknemlige for hver og en som har stilt opp! Takk!

Og alt dette på grunn av Han som tok på seg vår synd og skyld. Og som ikke krever noe annet tilbake enn at vi tar imot det som han har gitt, og stadig gir oss.

Gå i fred!

*Per Børge*

**NB!:** Du kan framleis finne pinsegudstenesta på nettet: [www.kyrkjaigulen.no](http://www.kyrkjaigulen.no) eller på facebookside til kyrkja i Gulen.

*Red.*

## Gudstjeneste i Byrknes kapell 1. juni

Mandag 1. juni var det gudstjeneste ved Bjørn Magne Hansen i Byrknes kapell. Han avslutter nå nok et vikariat i Mjømna sokn, og sokneutvalget ville gjerne takke ham for innsatsen,

tilgjengeligheten og ikke minst for godt samarbeid.

Som seg hør og bør, skulle det overrekkes en gave, og her var det om å gjøre å være kreativ. Valget falt på en akvarell malt av Sylvi Teigen, med motiv av en villsau.

Begrunnelsen var: I mange lignelser er det nevnt sauer og gjeter, og da i positive ordelag.

Bjørn Magne er medlem i Hardbakke villsaulag.

Mjømna sokneutvalg kan i enkelte anledninger sammenlignes med en flokk villsauer: Idérik, full av godt humør og med påfunn som ikke alltid lar seg gjennomføre.

Da har det vært godt å ha en som mildt irettesetter og rettleder, eller i overført betydning en *gjeter*.



På vegne av alle i Mjømna sokn ble det rettet en stor takk til Bjørn Magne Hansen. Det ble en fin og høytidsfull

gudstjeneste med godt fremmøte, til tross for et nydelig vær.

*Anne Evjenth Ytreøy*

## Gravplassar og gravstell

Vår og sommar er tida for gravstell, og for å få det pent og ryddig på kyrkjegardane våre.

Det har vore dugnad både i Brekke, i Gulen og på Mjømna, men ikkje i like stort omfang som tidlegare, på grunn av smitteverntiltaka.

Med avgrensing til 5 personar i kvar gruppe og minst éin meter avstand har sokneutvala teke ryddinga, det vil seie at i Brekke organiserte bygdekvinne- laget seg slik dei pleier, og tok eit tak med ryddinga også i år.

Takk til alle som deltok!



Det heng oppslag på kyrkjegardane om smitteverntiltaka, og alle blir bedne om å ha med hanskar og hage- reiskap når dei skal stelle gravene. Ta gjerne med deg bosset heim, særleg dersom søppeldunkane er fulle. Det er ikkje lov å setje avfall ved sida av dunkane.

Alle må tenkje smittevern og gjere det dei kan for hindre eventuell smitte- spreiring. Sjølv om Gulen ikkje har

nokon smitta no, må vi rekne med at besøkande på kyrkjegardane er frå mange stader i landet der smittesitua- sjonen er annleis.

Når det gjeld planting på gravstaden, så regulerer vedtektene for gravplas- sane i Gulen det, § 5:

*I plantefeltet må det ikkje plantast blomar eller andre vokstrar som over- stig gravminnet si høgd, går ut over plantefeltet eller skjuler gravminnet. Det må ikkje plantast noko utanfor gravminnet. Dersom vekstar i plante- feltet vert høgare enn gravminnet eller veks ut over plantefeltet på 60 cm, kan festar/ansvarleg bli pålagd å skjere ned/ta vekk planten/busken.*

Vidare står det om dekorgjenstandar: *Eventuelle dekorgjenstandar monterte på gravminne, på planteplate eller i plantefelt skal plasserast slik at det ikkje er til hinder for normalt vedlike- hald inntil og rundt gravminnet/ plantefeltet. Dekorgjenstandar skal vere sømelege og av ein kvalitet som toler tilhøva på gravplassen.*

*Festar/ ansvarleg for grava skal føre- byggje at ikkje lause dekorgjen- standar blæs bort, og skal fjerne gjen- standane etter bruk.*

*Kyrkjeleg fellelsråd har ikkje erstat- ningsansvar for skade på dekor- gjenstandar i plantefelt, innramming av plantefelt eller plater i plantefeltet når skaden skuldast vanleg drift av gravplassen.*

Etter å ha vore rundt på alle grav- plassane no i vår, så ser eg at det er ein del planter som har vokse seg

store, dekkjer gravsteinen og går langt ut over plantefeltet på 60 cm. Desse plantene må fjernast, og det er festar/ansvarleg for grava som har ansvar for å få dette gjort.

I løpet av vinteren er det også nokre gravsteinar som er blitt skeive og må rettast opp.

Der det er fare for velting, er gravsteinen lagd ned.

Det er festar sitt ansvar å få retta opp gravsteinen slik at han er forsvarleg festa, og at sokkelen ikkje «slepper» frå jorda.

Har du spørsmål kring graver og gravstell, kan du ta kontakt med kyrkje-kontoret.

*Kyrkjeverja*

## Glimt frå dugnad Gulen og Mjømna



*Godt humør både i traktorskuffa og hos damene som klipper buskene ved Gulen kyrkje (over).*

*På Mjømna kyrkjegard måtte eit stort tre til pers, for ikkje å bli til skade for gravene (foto neste spalte).*



## Fjon fjellkyrkje i koronatider

Fjon Fjellkyrkje ligg ikkje langt frå allfarveg - E39 - og likevel godt «for seg sjølv» på Haukeland.

Det hindrar ikkje at også Fjon har fått følgjene av koronanedstenginga.

- Korleis har koronatiltaka fått følgjer ved Fjon?

Spørsmålet går til til Knut Fr. Sørheim, styremedlem og ansvarleg for utleiga.

- Det første var at vi måtte utsetje det årlege rådsmøtet, som skulle vore alt 17. mars.

Det betyr ikkje så mykje, dette kan vi halde ein gong etter sommaren.

Meir synd er det at vi måtte avlyse gudstenesta skjærtorsdag, ei gudsteneste som har hatt sin plass kvart år heilt frå 1977, då tomten var utpeika.

Det var også leit at det denne sommaren blir uråd å avvikle olsokstemnet som dei siste åra har samla mellom 120-150 menneske.



*Arkivfoto frå eit tidlegare olsokstemne ved Fjon Fjellkyrkje*

- Kva med andre sider av drifta, har de fått mange avbestillingar?  
- Faktisk ikkje så mange, noko som har sin grunn i at vi denne våren dessverre hadde ei svak «ordrebok» frå midt i mars og fram mot sommaren. Vanlegvis er det ganske tett med bestillingar, og då ville situasjonen vore ein annan. Men totalt betyr det at vi har eit halvår bak oss med eit betydeleg inntektstap. Litt avhengig av kva som skjer no siste månaden før sommaren, kan det bli på rundt kr 75.000 samanlikna med fjoråret. Av totalt årsbudsjett på rundt kr 300.000 er det ganske mykje.  
- Får dette store følgjer for den vidare drifta?  
- Med sikte på eit par større opprustingstiltak som var planlagde, hadde vi opparbeidd oss ein viss kapital. Denne har vi no i stor grad måtta nytte til dekning av faste kostnader som straum og forsikring, og vi har måtta leggje på is alle andre planar og vedlikehaldstiltak som kan vente. Det betyr sjølvsagt at det blir svært spennande korleis inntektene blir vidare utover hausten og vinteren. Dei som alt hadde bestilt før korona-

tida kom, har heldigvis ikkje avbestilt, og vi har begynt å få nokre nye bestillingar.

- Vil det vere trygt å bruke Fjon framover?


- Ja, så sant ein tek dei nødvendige smitteverntiltaka på alvor, vil det gå heilt fint, men det ansvaret er det kvar leigetakar som må ta. I samråd med kommunelegen i Masfjorden legg vi til rette så langt det let seg gjere, og vi sender ut dei faglege råd som er aktuelle. Men med tanke på avstandskrav kan det hende at det for enkelte kan bli litt vanskar med kapasiteten.



- Kva tenkjer du om framtida for Fjon?

- No har vi følgd verksemda ved Fjon gjennom snart førti år, og eg er imponert over kor mange ulike grupper og formål som har funne Fjon som ein veileigna stad. Det er ungdomsgrupper, samling for styre og sokneråd, bibelskular og konfirmantar, kveldsamlingar og helgeopphald, familiesamvær og stad for merkedagar. Og økonomisk har det aldri vore vanskar etter at Fjon i 2004 vart gjeldfri. No er

det berre å vone at mange ser denne fantastisk flotte staden og held fram med å bruke han like jamt som til no, og at vi framleis vil ha nokon som på vegner av sokna som eig Fjon, er villige til å ta oppgåvene med drifta slik det gjennom alle desse åra er gjort på dugnad.



## Alværa i koronatid

2020 er eit spennande år for Alværa. I 2019 var drifta lagt om, og det er ikkje lenger fast tilsette.

Alt vert utført på dugnad eller på timebasis.

Alværa vert for det meste utleigd på sjølvkost. Gleda var stor då rekneskapen for 2019 vart oppgjort med eit godt overskot. Difor var ein optimistisk med tanke på inneverande år. Det var mange bestillingar fram til og med august, og då Alværa måtte stenge 12. mars, kunne ein syne til eit overskot på ca. kr 40.000 så langt for 2020.

Med koronaen vart alt avbestilt, både for vår, sommar og delvis haust, så no er overskotet blitt til eit underskot. Kva som skjer vidare, veit vi ikkje heilt. Men Alværa er i ferd med å opne igjen, og slik smittevernsråda er no, kan Alværa igjen leigast med

visse begrensingar. NMSU vil prøve å gjennomføre nokre arrangement, men sjekk på Alværa si facebookside eller på [nmsu.no/](http://nmsu.no/) kalender. Der kjem det informasjon når det er bestemt.

## Alværastemne

**Laurdag 29. august** inviterer vi til Alværastemne. I år valde vi å flytte stemnet frå juni til august på grunn av situasjonen og i håp om at vi då kunne samle fleire.

Program for dagen:

11.00: Alværagudsteneste

12.30: Middag

Fritid med prat, natursti, bading...

15.00: Ettermiddagssamling med kaffi, åresal, song og årsmøte for Alværa.

Påmelding til Alværa: 48 99 06 61.

Pris for middag og kaffi: kr 250,- for vaksne.

Barn under 12 år: kr 100,-.

Barn under 5 år: gratis

Det kan bli makstal på deltakarar avhengig av smittevernsreglar.

Alværa treng no støtte og omtanke.

Det kan du vere med på ved å be for staden og ved å reklamere for Alværa. No er det mogleg å leige både hovudhuset og dei to hyttene. Du finn hyttene på [finn.no](http://finn.no).

Så kan du gje ei gåve til Alværa anten på Vipps: 520988 Alværa – NMS Drift, eller på konto 82200285057. Skriv i meldingsfeltet: Prosjektnr. 301202 Gåve Alværa – drift.

*Toril Lange*



## Friluftsgudsteneste på Sande 28. juni

Sokneprest Per Børge Hillestad og Mjømna sokneutval ønskjer velkomen til familiedag på Sande den 28. juni. Vi startar med friluftsgudsteneste ved Sande grendahus kl. 11.00, og deretter vil vi ha ulike aktivitetar.


Då vi pliktar å ta omsyn til smittevernreglane, må vi kome tilbake med programmet seinare, men vi kan allereie avsløre at det vil bli ein del leikar og ein minibusar med inntekt til Sandøy Grendalag.

Følg med på sida «Kyrkja i Gulen», og du vil få fullstendige opplysningar etter kvart.

## Innsetjingsgudstenesta for Per Børge Hillestad 23. august

Det blir innsetjingsgudsteneste for vår nye sokneprest Per Børge Hillestad i **Gulen kyrkje søndag 23. august kl. 11.00.** Prost Helge Taranrød, sokneprest Bjørn Magne Hansen og Geir Sørebo medverkar òg. For eit evt. arrangement etter guds-

tenesta, sjå oppslag seinare. Det er litt avhengig av kva smitteverntiltak som gjeld der og då.



I same gudstenesta er det òg presentasjon av dei nye konfirmantane i soknet, som startar opp konfirmantundervisninga i haust.



*Arkivfoto frå ein tidlegare konfirmasjon*

## Konfirmasjonane 2020

Konfirmasjonane som blei utsette i vår på grunn av koronaen, er sette opp i september.

**Brekke kyrkje: 06.09. kl. 11.00.**

**Gulen kyrkje: laurdag 26.09. kl. 11.00 og kl. 13.00.**



## Konfirmantar 2020:

**BREKKE KYRKJE søndag 06.09.**

**kl 11.00:**

Aleksander Ynnesdal

Øystein Takle

Lasse Mikael Ellingsen Dyrøy

Mathea Yndesdal

Ida Vågseth Borlaug

Elina Østerbø

**GULEN KYRKJE laurdag 26.09.**

**kl. 11.00:**

Sabrina Staneviciute

Lisabet Vevang Opdal

Maia Wesenlund Hjønnevåg

Hans Høie (Mjømna sokn)

Odin Villanger Henriksbø

Even Molde Randal

Grim Haveland

Mathias Hatlen Oakman (Frøyset sokn)

Andreas Nedrebø Styve

Erlend Dingen Kroghrud

**GULEN KYRKJE laurdag 26.09.**

**kl. 13.00:**

Jenny-Emilie Palmer Håvåg

Natalie Daae Angeltveit

Linn Aurora Molde Oppedal

Tuva Linnea Midtbø

Daniel Rongved Molland

Noah Kjelby Asheim

Håvar Asheim Eide

Håkon Høydal Bøe

Olai Dyregrov



## Hjarteleg takk

I samband med Bjarne A. Ynnesdal sin bortgang, vil me få rette ein stor takk til alle som møtte opp i begravelsen hans 09.03.20, og for alle blomster, med gode ord ved båra og til kona Målfrid og barna med familiar.

Vil også takke for minnegåvene på kr 3200.- som kom inn til Masfjorden sjukeheim.

Ein stor takk til personalet på sjukeheimen for god pleie og triveleg miljø, i over 12 ½ år!

Han likte seg så godt hos deke!

*Målfrid Ynnesdal og barna m. fam.*

## Nytt frå kyrkjelydane

**Døypte:**

**GULEN SOKN:**

**29.03.20:** Nora Skjørestad Fivelsdal.

For.: Håkon Eide Fivelsdal og

Kristine Skjørestad Fivelsdal.

**19.04.20:** Olav Eidnes Abrahamsen.  
For.: Martha Eidnes og Kristian  
Abrahamsen.

**24.05.20:** Mariette Samarita Kidøy.  
For.: Kenneth Austgulen Kidøy og  
Rachel Samarita.

**31.05.20:** Johannes Røyrvik Virkes-  
dal. For.: Alexander Virkesdal og  
Solgunn Røyrvik.

### **Døde:**

#### **MJØMNA SOKN:**

**25.04.20:** Ansgar Johan Stendal, f.  
1942.

**24.05.20:** Villy Asbjørn Sørhaug,  
f. 1941.

#### **GULEN SOKN:**

**04.03.20:** Kåre Johan Flolid, f. 1947.

**15.04.20:** Osvald Sævareid, f. 1928.

**18.05.20:** Svein Inge Høyland,  
f. 1937.

## **Kyrkjekalenderen**



**NB!!** Det kan bli endringar i den oppsette gudstenestelista. Følg med i lokalavisene, på oppslag, på nettsida til kyrkja: [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no) og på kyrkja si facebookside: *Kyrkja i Gulen*.

**28.06.**, 4. søndag i treeiningstida:  
**Friluftsgudsteneste ved Sande  
grendahus kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**05.07.**, 5. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/vikarprest  
Kristine Bleikli. Dåp. Offer: Kirkens  
Nødhjelp.

**12.07.**, Aposteldagen/6.s.i treeiningstida  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Norsk Gideon.

**19.07.**, 7. søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Blå Kors.

**26.07:** Ikkje gudsteneste

**29. 07.:** Utegudstenesta på Fjon  
Fjellkyrkje er **AVLYST**

**02.08.**, 9. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Misjonær-  
avtale, NMS.

**09.08:** Ikkje gudsteneste.

**16.08.11.** søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Den indre  
sjømannsmisjonen.

**23.08.**, 12. søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad, Helge Taranrød, Geir Søre-  
bø, Bjørn Magne Hansen. Innsetjing  
av Per Børge Hillestad. Konfirmant-  
presentasjon. Offer: KFUK/KFUM.

**Laurdag 29. august: Alvæ rastemme  
med gudsteneste kl. 11.00.**  
(Sjå meir side 12.)

**30.08.**, 13. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Bør-  
ge Hillestad. Konfirmantpresentasjon.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**06.09.**, Vingardssøndag/14. søndag i treeiningstida: **Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Ola Johannes Jordal. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**13.09.**, 15. søndag i treeiningstida: **Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Offer: Bibelselskapet.

**20.09.**, 16. søndag i treeiningstida: **Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Konfirmantpresentasjon. Offer: Eige arbeid/trusopløring.

**Laurdag 26.09:**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00 og kl. 13.00** v/Ola Johannes Jordal. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**27.09.**, 17. søndag i treeiningstida: **Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Offer: Misjonæravtale, NMS.

**04.10.**, 18. søndag i treeiningstida: **Gulen kyrkje kl. 11.00** v/vikar. Offer: Alværa misjonssenter.

**11.10.**, 19. søndag i treeiningstida: **Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Offer: Fjon fjellkyrkje.



## Sommar!

Så grønn en drakt, så rik en duft  
har smykket dal og enger!  
Nå strykes ømt av lys og luft  
de fagre urtesenger.  
Hør lundens sus og bekkens brus  
forkynne hva som kommer:  
Omsider blir det sommer!

Sin lykke, fred og sommerfryd  
må yre fugler prise.  
I mark og skog fra nord til syd  
de jubler frem sin vise.  
Hør håpets klang i deres sang,  
i hymnen de lar kvede  
fra blomstereng og rede

Men du, o Gud, som gjør vår jord  
så skjønn i slike stunder,  
gi at jeg akter mest ditt ord  
og nådens store under!  
Som blomst og løv blir muld og støv,  
skal vi og verden fare,  
men Herrens miskunn vare.

Alt kjød er gress og flyktighet.  
Det tæres fort av elde.  
Kun du, Treenig majestet,  
er evig i din velde!  
Med sjel og kropp skal jeg stå opp  
og blomstre i ditt rike,  
når denne jord må vike.

La falme verdens prakt og glans,  
la all dens lyst forsvinne.  
Min venn er min, og jeg er hans,  
vår kjærlighet skal vinne!  
Så syng det ut: Snart skaper Gud  
en sommer uten make  
og gir oss alt tilbake!

*(Norsk Salmebok nr. 845)*

\*\*\*\*\*